

## Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette fram slikt forslag:

“Alternativ

Fylkestinget vedtek slik møteplan for 2021:

1. Møte i fylkestinget:

- o 10/11 mars
- o 16/17 juni
- o 29/30 september
- o 15/16 desember

Dagen i framkant av møta i fylkestinget skal settast av til gruppemøter og eventuelle fellesorienteringar.

2. Politikardagar:

- o 16. februar
- o 19. september
- o 25. oktober

3. Fylkesutvalet/finansutvalet får fullmakt til å sjølv sette opp sin møteplan.

Fylkestinget rår til at fylkesutvalet set opp ein fast struktur med faste møtedagar til sine møter.

4. Fylkestinget vedtek desse møtedagane i hovudutvala:

- o 17. februar
- o 20. september
- o 26. oktober

Utover dette får hovudutvala fullmakt til å sjølv sette opp sine møteplanar.

5. Andre styre råd og utval får fullmakt til å sjølv sette opp sine møteplanar.

6. Samla møteplan for 2021 skal fastsetjast av alle styre, råd og utval innan utgangen av 2020. »

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

“Alternativ

Saka er teken til orientering. »

### **Avrøysting**

Bjørkly sitt forslag vart samsrøytes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen sitt forslag.

Det vart ikkje røysta over Heen sitt forslag.

### **Innstilling til fylkestinget**

Saka er teken til orientering.